



Lindås kommune ved landbruksavdelinga
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar: Kjartan Nyhammer
Vår: 19/1356 - 19/19330

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
20.06.2019

Oversender søknad om arealoverføring for handsaming etter jordlov - gbnr 246/15 Nipo

Tiltak: Arealoverføring
Byggjestad: Gbnr: 246/15
Tiltakshavar: Sjur Kristoffer Dyrkolbotn

Saka gjeld søknad om arealoverføring av eit areal på ca 476 400 m² frå gbnr 246/15 til eigedomane gbnr 247/10 og 247/15, jf. søknad mottatt 24.04.2019. Søknaden må sjåast i samanheng med søknaden om arealoverføring frå gbnr 247/1 til eigedomane gbnr 247/10 og 247/15, jf. arkivsak 19/1772.

Tiltakshavar opplyser i skriv mottatt 12.06.2019 at det samla arealet som skal overførast er eit samanhengande areal frå seljar sin gard. Då det skal overførast areal frå to ulike grunneigedomar må søknadane handsamast kvar for seg.


Landbruksavdelinga har tidlegare opplyst at areala må overførast til ein landbrukseigedom med bustad og landbruksbygg. Det er søkt om samanslåing av eigedomane gbnr 247/10 og 247/15, jf. arkivsak 19/1849. Saka er under handsaming.

Etter vår gjennomgang av søknaden og det tiltaket som det vert søkt om, er vurderinga at det er nødvendig med vedtak/samtykke etter jordlova. Søknaden vert med dette oversend dykk for vedtak etter jordlova, jf. plan- og bygningslova § 21-5 og byggesaksforskrifta (SAK10) § 6-2.

Lindås kommune ved byggesaksavdelinga vil avventa handsaming av søknaden etter plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m) til løyve etter jordlova ligg føre. Vi ber om at kopi av vedtaket vert send byggesaksavdelinga.

Situasjonskart





Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om arealoverføring gbnr 246/15 Nipo
Situasjonskart
Tilbakemelding etter møte - gbnr 24615 Nipo
Søknad om løyve til tiltak - gbnr 246/15 Nipo

Kopi til:

Sjur Kristoffer Dyrkolbotn

Dyrkolbotn 274 A 5994

VIKANES

Mottakarar:

Lindås kommune ved
landbruksavdelinga

Kvernhusmyrane 20 5914

ISDALSTØ